



Brand Factory Norge AS  
Postboks 98 Furuset  
1001 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1667 - 18/20239

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
25.06.2018

## Løyve til skilting på bygg og frittstående - gbnr 196/111 Midtgård

### Administrativt vedtak. Saknr: 319/18

**Tiltakshavar:** Eknes Karosseri AS  
**Ansvarleg søkjar:** Brand Factory Norge AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppsetting av reklame skilt på bygning. Det er også søkt om oppsetting av frittstående skilt (pylon) på offentlig vegareal, men det vil ikkje Statens vegvesen tillata. No har Statens Vegvesen godkjent ny plassering inne på tiltakshavar sin eigedom.

Det vert elles vist til søknad motteken 29.05.2018 og supplert/endra 25.06.2018

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskommunikasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 04.06.2018.

Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

### Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område. Vel halvparten av eigedommen er LNF i kommuneplanen sin arealdel, og resten har arealføremålet næring. Alle skilta ligg utafor byggegrensa mot fylkesveg (15 m ), men innafør byggegrensa mot Europavegen (50m). Vegvesenet har handsama søknaden etter veglova, men ikkje som dispensasjon.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon, sjølv om bygningsmassen ligg delvis innafør LNF. Det er gitt dispensasjon for dei siste tilbygga som er oppført.

### Uttale frå anna styresmakt / privatrettslege tilhøve / forholdet til anna lovverk

Statens vegvesen har fått oversendt dispensasjonssak til uttale, for oppsetting av frittstående skilt (pylon) i strid med byggegrense mot offentlig veg. Vegvesenet tillet ikkje oppsetting av skiltet på sin eigedom, så den delen av søknaden går ut. Statens vegvesen har godkjent ny plassering som vist på reviderte skisser og kart:

Jeg viser til tidligere korrespondanse i denne saken. Den nye plasseringen er ok.

Vi gir med dette tillatelse til oppsetting av pylon slik som det er vist på kart F2 og fotomontasje E3 i deres e-post av 20.06.2018.

Løyvet gis på samme vilkår som gjelder for reklameskilt på bygningen (punkt 1 i vårt brev av 12.06.2018. referanse 18/121039-2).

Med hilsen  
Tomislav Jajcinovic

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjon Beraen

### **Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla, då søknaden gjeld omprofilering av butikk og ikkje berører andre naboar enn Statens vegvesen.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i revidert situasjonsplan motteken 25.06.2018.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Tiltaket – skilt på fasadar og frittstående skilt - vert godkjent plassert slik det går fram av den reviderte søknaden motteken 25.06.2018.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### **Privatrettslege tilhøve**

Revidert søknad har ingen skilt på annanmans grunn.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

## **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt trinn for montering av reklameskilt på fasade og plassering av frittstående skilt på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i revidert fotoillustrasjon og kart motteken 25.06.2018, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/1667**

#### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert utført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### **Bortfall av løyve**

*Om arbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.*

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Brand Factory Norge AS  
Eknes Karosseri AS

PB 1084 1705  
Leknesvegen 254 5915

SARPSBORG  
HJELMÅS

**Mottakarar:**

Brand Factory Norge AS

Postboks 98  
Furuset

1001

OSLO